



SAKSFRAMLEGG

| | |
|---|--------------------------|
| Sakshandsamar: Meline Heimdal Haugland | Arkivkode: FE-033 |
| Arkivsaksnr: 18/1090 | Løpenr: 18/6946 |
| Sakstype: Politisk sak | |

SAKSGANG

| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr |
|----------------------------------|-----------------|---------------|
| Kommunestyret | 13.09.2018 | 035/2018 |

Val av medlemmar til ungdomsrådet i Samnanger

13.09.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Etter spørsmål frå Sture Tveit (H) vart det avklart at eit etternamn er stava feil i rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dette gjeld Knut Erik Frøland (som i framlegget står med etternamnet Frøyland). Denne feilen må rettast opp. Med denne endringa vart rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 035/2018 Vedtak:

Kommunestyret vel:

- Sunniva Solemdal (10. trinn)
- Mia Holdhus (10.trinn)
- Knut Erik Frøland (10. trinn)
- Ida Skulstad Haugen - Vara (10. trinn)
- Oskar Kienitz (19 år)

til Ungdomsrådet 2018-2020.

Oskar Kienitz er medlem i Ungdomsrådet fram til den nye kommuneloven trer i kraft. Ungdomsrådet konstituerer seg i første møte. Dersom det lykkast å finna fleire medlemmar frå aldersgruppa 16-19 år vil formannskapet stå for eit suppleringsval. Etter at den nye kommuneloven trer i kraft vil aldersgruppa vera 16-18 år.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel:

- Sunniva Solemdal (10. trinn)
- Mia Holdhus (10.trinn)
- Knut Erik Frøyland (10. trinn)
- Ida Skulstad Haugen - Vara (10. trinn)

- Oskar Kienitz (19 år)

til Ungdomsrådet 2018-2020.

Oskar Kienitz er medlem i Ungdomsrådet fram til den nye kommuneloven trer i kraft. Ungdomsrådet konstituerer seg i første møte. Dersom det lykkast å finna fleire medlemmar frå aldersgruppa 16-19 år vil formannskapet stå for eit suppleringsval. Etter at den nye kommuneloven trer i kraft vil aldersgruppa vera 16-18 år.

Dokument som er vedlagt:

Godkjente vedtekter for Samnanger Ungdomsråd jf. vedtak 024/16 i Kommunestyret

Dokument som ikkje er vedlagt:

Vedtekter for Samnanger ungdomsråd
Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
Elevrådet på ungdomsskolen sitt framlegg til kandidatar
Søknad frå kandidat i aldersgruppa 16-20 år

Kva saka gjeld:

Medlemmane i Samnanger ungdomsråd vert valde for 2 år om gongen. Sist val blei gjennomført etter sommarferien 2016 og det skal no veljast nye medlemmar for perioden 2018-2020.

Etter Vedtekter for Samnanger ungdomsråd skal rådet ha 6 medlemmar og 2 varamedlemmar. Elevrådet på ungdomsskolen har ansvar for å koma med forslag på 3 representantar og 1 vararepresentant. 3 representantar med 1 vararepresentant frå aldersgruppa 16-20 år vert valde av kommunestyret. Siste året ein kan stilla til val er det året ein fylgjer 19 år. For aldersgruppa 16-19 år er det kulturkontoret som har ansvar for å foreslå og finna kandidatar.

Vurderingar og konsekvensar:

Elevrådet på ungdomsskolen sitt framlegg for aldersgruppa 13-15 år er:

- Sunniva Solemdal
- Mia Holdhus
- Knut Erik Frøyland
- Ida Skulstad Haugen - Vara

Alle går i 10. trinn.

Framlegg for aldersgruppa 16-19 år er:

- Oskar Kienitz (19 år)

Det har ikkje lykkast å få tak i fleire i aldersgruppa 16-19 år på noverande tidspunkt. Informasjon om valet er lyst ut i Samningen før- og etter sommarferien og gjort tilgjengeleg på Samnanger kommune si nettside samt facebookside. Kulturkontoret opplever at denne aldersgruppa kan vera vanskeleg å nå. Det kan óg vera at ungdom i alderen 16-19 år ikkje ønskjer å vera medlem i Ungdomsrådet. Dersom me klarar å få tak i 2 medlem og 1 vara, vil det fremjast sak om suppleringsval.

I den nye kommuneloven står det følgjande under §5-12 om Ungdomsrådet:

«Ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal ha en valgperiode på inntil to år. Medlemmene i ungdomsrådet eller annet medvirkningsorgan for ungdom skal på valgtidspunktet

ikke ha fylt 19 år.» Loven er førebels ikkje i kraft.

Den eldste kandidaten til Ungdomsrådet er fylt 19 år. Kandidaten vil ikkje kunna vera medlem i Ungdomsrådet etter at loven er i kraft.

Formålet med Ungdomsrådet er å fremma barn og unge sine interesser og tala deira sak i Samnanger kommune. Det er difor viktig at kommunen har eit Ungdomsråd. Ein vurderer det slik at det er betre å ha eit Ungdomsråd med færre medlemmar enn det vedtektene seier, enn å ikkje ha eit Ungdomsråd.